Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1 | Fylke: Hordaland
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Kvam
Emne: Ård og plog | Bygdelag. Øystese
Oppskr. av: Jakob H. Vik | Gard: Vik, nr
(adresse): Øystese | G.nr. 42 Br.nr. 6

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1
Ja

2
Nei. Vart brukt istadenfor plog. Ein köyrde att og fram. So gjekk folk med grev og jamna åkeren. Ein sådde so kornet ein fore for gongen, for å halda ramen i jordi. Herva åkren med antan risherv eller ei åkerherv med hetindar. Etterpå rivla ein med myldesriva.

3
Nei. Potetradene grov ein opp med grev like til ikring 1890.
Ein bruka ikkje ard etter at hyppeplogen kom ibruk.

4
Arden ser ut som nr 3 men utan ristiol (C.)
Ein festa plogtelmma til arden med ein stutt kjetting med krokar i endane.

16866

2

5
Nei. Ein bruka telne
ombåg so:



6
Telne eller plagtelne

7
Nei det er ukjennt

8
Nei

9
Nei

10 Nei

11 Nei. det er ukjennt
Arden hadde ikkje veltefjøl
og ingen ristill

12
Dei vart laga på garden
som regel av husbonden.
Var han ein klenear, laut
han leiga ein hendigare kar.

13
Ja. Det var bygdesmedar
som laga dei vanlege plogar
med eitt skjer på.
Men på Stend landbruksskule
som tok til hausten 1866 vart
det straks tilsett handverks-
lærarar – smed og snikkar.
I smidja fekk kvar elev laga
seg ein litt større plog med
2 skjer = Stendaplog = vart
den kalla. Her i Kvam har
det vore elevar på Stend på
mest alle kurs og det kom
fleire Stendaplogar til bygdi

16866
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 3

i åri 1868–1886.
Eg minnest at han fær kjøpte
ein einhestes plog med eit skjer
ikring 1895 for Skring kr 25.–
eller 25–28 kr.

14

Før jarnplogane kom so laga
dei skjæret på plogen av jarn,
og fjøli av tre. Då var plogfjøli
fyrst bein. Men då dei tok
til med jarnplogar so vart
plogfjøli vridd. På Stend
hadde dei ei svær pressa–skrue-
pressa der dei hita plogfjøli
opp og pressa henne i formi
skrueformi, so ho fekk rett
form. Skrueformi er no på
Hordaland Landbruksmuseum
på Stend. Der står ogso mange
reidskapsmodellar som G. A.
Wilson konstruerte dei 20 år
han var styrar på Stend
1866–1886.

15

Det er ukjent. Når ein
reinska plogfjøli slik eg
minnest det for 65–68 år
sidan so brukka fær høgre
skoen til dette.

16

Veltefjøli låg opp då ein
køyrde plogen attende.

17

Ja det var spikra ein
krok eller ein bøygd klass på

16866
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

baksida av plogen som rakk frå åsen til styret slett. Plogen kvelte på denne bøygde klassen når ein køyrde attende.

18

Ja, men mest høgrehands-plogar. Det var bruka vinstrehandsplogar, når åkren var slik skapa at ein måtte få køyra meir jord til vinstre åkerreeni. Me var 2 grannar i lag om vinstrehandsplogen, for den var mindre nytta.

19

Dei gamle jarnplogane plogde grunnt 12-16 cm. Det var lite regulering på dei. Ein kunde hava lenger og kortare kjelling millom plogen og plogtilnema. Då kunde plogaren regulera litt djupni. Det var ingen slepesko til å stilla djupni på dei gamle jarnplogane.

20

Ja, sovidt eg har sett.

21

Det har eg sett ei einaste gong ikring 1909. Då var det ein agronom som plogde fyrst ei vanleg for. Deretter køyrde han ein demontert plog med berre ristel i botnen på fori for å rota opp jordi

16866

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

i djúpni, slik at han rekna med å få ein betre åker.

22

Nei, har ikkje sett det eller høyrt om det.

23

Har lese om dei og høyrt dei nemnde, men det har aldri vore slike plogar her i Kvam.

Sjå svar på nr 14 om Stendaplogane.

På landsutstellingen i Bergen i 1898 var det ogso ein maskin og reidskapsutstelling. Då stellte Bergensfirmaet Annas Berle & co ut m.a Amerikanske plogar Sout Bend. Her til Øystese vart då kjøpt ein 9° Sout Bend plog ein hyppeplog og ei hesteharva. Det var fyrste gongen at slike moderne reidskapar kom til Øystese.

Sout-Bend plogen hadde stilbart hjul framme, so ein kunde stella djúpni. han hadde 2 styre og var so lett å plógja med at smågutar på 12-13 år kunde styra plogen. Det var noko nytt på plogområdet og det kom snart mange nye plogar til bygdi.

16866

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Me uttala namni so.
År utan d
Plag, nett som det er skrive
Det er hankynnsord.
Ein plag, ein år.

Namn på plagdeline.
ås. ristell. skjer (plagskjer)
fjøl. Sole og land
Styre

Gjesdal 30 desember 1961
Jakob H. Vik.
f. 14-5-1887.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING